

Skisse til prosess:

- *Før 1. april: Dekanaten vedtar størrelsen på rammen til hvert institutt. Denne kan variere avhengig av fakultetets totale økonomiske situasjon. Sammen med informasjon om rammen, skal administrativt ansvarlig ved fakultetet sende følgende informasjon til instituttene:*
 - *vilkår og retningslinjer for opprettelse og videreføring av valgemner og andre enkeltemner*
 - *oversikt over hvilke valgemner og andre enkeltemner instituttet tilbyr i dag, hvem som er ansvarlig faglærer for det enkelte emnet, og gjennomsnittlig tall for eksamensmøtte for hvert emne. På bakgrunn av antallet eksamensmøtte bør det markeres hvilke fag som skal videreføres dersom faglærer ønsker dette, jf vilkår/retningslinjer punkt 2.a.*
 - *i oversikt over valgemnene skal det gis informasjon om når ansvarlig faglærer sist gjennomførte revisjon av litteratur og læringskrav. Det markeres på emner hvor man har en ekstern underviserandel på mer enn 50 %, videre markeres det på emner der ansvarlig faglærer ikke leverer eksamensoppgavetekst innen frist eller svarer på henvendelser knyttet til periodiske emneevalueringer.*
 - *oversikt over hvilke av disse valgemnene som inngår i noen av fakultetets engelskspråklige mastergrader, profiler eller om det inngår i ett annet studieprogram ved UiO.*

Kommentar:

Dersom vilkår og retningslinjer for oppretting og videreføring av valemner skal endrast, bør ein tenkje på studentrepresentasjon, jf. Pkt 1. Dette bør vel takast opp i PMR, i så fall?

Slik eg har skjønna det, skal dekanaten sende over ei korteliste til institutta basert på matematiske utrekningar over talet på oppmelde og eksamensmøtte, jf. Pkt 2. Ettersom lista ikkje skal utformast basert på skjønn, ser eg ikkje behov for studentrepresentasjon i utforminga av denne.

- *Perioden 1. april til 1. juni: Diskusjoner på instituttnivå. Instituttene sender informasjonen fra fakultetet ut til alle ansatte, og ber om forslag om videreføring av eksisterende emner eller opprettelse av nye. Det bør oppfordres til at de ansvarlig faglærerne vurderer mulighetene for sammenslåing av emner og samarbeid om emner. Instituttledelse/råd anbefales å også lage en liste over hvilke fag de anser mest aktuelle å ikke videreføre, på bakgrunn av hensynene i vilkår/retningslinjer punkt 2. Forskergrupeledere, de ansvarlige for engelskspråklige mastergrader og profilansvarlige bør særlig oppfordres til å gi sine syn.*

Kommentar:

I denne delen av prosessen bør ein tenkje på studentrepresentasjon. Her skal det gjerast skjønnsmessige vurderingar som vil påverke studentane.

Det vart nemnt på møtet at studentane kan få høve til å kome med høyringsinnspel i denne delen av prosessen. Vi vil gjerne ha denne mogelegheita, men ser det som ei lite

tilfredsstillande form for studentrepresentasjon. Vi ser føre oss at vi med denne forma for representasjon vil ha få mogelegheiter for faktisk påverking, samtidig som arbeidet som må leggjast ned er enormt. Krav om skriftlege innlegg er, i førehald til direkte, møtande representasjon, betydeleg meir byrdefullt for utvalsmedlemma. Dette, samanhalde med at dette etter planen må skje i ein periode som for studentane er lite gunstig – rett før eksamen – gjer at vi heller ser at vi får andre måtar å kome med våre synspunkt på.

I tredje punktum nemner de at instituttleiinga/råd vert anbefala å lage ei liste over kva for nokre emner ein ser som mest aktuelle å ikkje vidareføre. Her bør studentane få seie si meining. Eit forslag er at det vert innkalla til to møter om saka: éitt der ein diskuterer retningslinjer for korleis ei slik liste skal utformast, og éitt møte der ein utformar lista. Det fyrste møtet kan leggjast tidlegare i semesteret. Studentane bør ha høve til å delta på begge møter. JSU har to representantar ved kvart instituttstyre, og grunna deira nærleik til fagmiljøet og instituttet er det heldig at det er dei som møter også i denne samanhengen.

- Perioden 1. juni til 1. juli: Instituttledelsen/instituttrådet lager en foreløpig innstilling til hvilke valgemner som instituttet skal tilby for perioden H2019-H2013.

Kommentar:

Det er viktig at studentane er inkludert i denne delen av prosessen. JSU har to representantar ved kvart institutt. Desse, eller vararepresentantar, bør bli invitert til møtet/møta der ein diskuterer og vedtek dette.

Vi ser det som avgjerande at studentane si stemme blir høyrte før ei midlertidig innstilling vert sendt på høyring. Nedleggingar av emner er noko studentar vil vere særleg opptekne av, og meininga til studentane bør vere noko dei vitskapleg tilsette er klare over når dei så skal bli einige seg i mellom.

Vi ser det som svært uheldig at viktige delar av prosessen skjer rett før eksamen og i sommarferien, då det er lågare sjanse for at studentane har høve til å delta. Frå studentane sitt perspektiv burde denne delen av prosessen ideelt skje mykje tidlegare eller etter sommaren. Økonomi, familieførehald, mogelegheita for praksis osb. gjer at flesteparten av studentane – representantane til JSU inkludert – gjer andre ting i ferien.

Om det einaste alternativet er å leggje dette leddet til sommarferien, skal vi alltid klare å stille med representantar. Då bør fakultetet dekkje eventuelle reisekostnader for dei som av ulike grunnar ikkje er i byen om sommaren.

- Perioden 1. juli til 1. september: Foreløpig innstilling sendes ut til høring ved eget institutt. Forskergrupper, programleder/e for engelskspråklige mastergrader og profilansvarlige blir særleg bedt om innspill til foreløpig innstilling.

Kommentar:

JSU vil gjerne ha høve til å kome med høringsinnspel i denne delen av prosessen.

- Perioden 1. september til 1. oktober: Instituttledelsen/instituttrådet lager en ny foreløpig innstilling på bakgrunn av høringsinnspillene, denne skal diskuteres på Instituttledermøte før 1. oktober.

Kommentar:

Her bør studentane inkluderast. Dei to JSU-representantane bør bli invitert både til møtet der ein vedtek ny foreløpig innstilling, og til eit innleiande møte der ein diskuterer kva som skal vektleggjast i arbeidet med nye foreløpig innstilling.

- Frist for instituttene å sende inn endelig innstilling til hvilke valgemner som instituttet skal tilby: 15. oktober 2018.
- Perioden 15. oktober til 15. november: Dekanaten behandlar instituttene sine innstillingar og vedtar endelig portefølje for perioden H2019-H2023. Administrativt ansvarlig for denne prosessen er sekretær for PMR. Dekanaten har i tillegg til instituttene rammegitt moglegheit til å vedta videreføring eller opprettelse av valgemner og andre enkeltemner som av ulike grunner ikkje foreslås av instituttene. Dette er emner som er en del av eventuelle strategiske satsningar, emner som er særleg økonomisk lønnsomme eller som av andre særskilte grunner allikevel er ønskelig å tilby.

Kommentar:

Etter diskusjonar i studentutvalet, ynskjer vi å foreslå at endeleg vedtak av valemneporteføljen vert lagt til programrådet for master i rettsvitenskap (PMR) på bakgrunn av innstillingane frå institutta, og ikkje til dekanaten, ettersom dette er organet der prinsipielle saker skal vedtakast. Utvalet fann at PMR er det organet som på best måte sikrar studentrepresentasjon når den endelege avgjerda skal fattast. På møtet vart det diskutert om det å leggje endeleg vedtak til PMR kunne føre til unødige omkampar. Det var studentutvalet sitt syn at PMR nok vil vere forsiktige med å overprøve innstillingar som det er semje om på instituttnivå, samtidig som ulike persongrupper er representerte, noko som ikkje vil vere tilfelle dersom dekanaten fattar avgjerda.

Studentutvalet ynskjer vidare at dei to studentrepresentantane som sit i PMR skal delta på møtet med dekanaten der ein vedtek korleis ekstrapotten skal fordelast. På møtet vart det ytra bekymring over den ståande fullmakta som dekanaten har gitt dei enkelte medlemma, som gjer at avgjerda kunne kome til å bli fatta av éitt medlem av dekanaten aleine. JSU ynskjer å foreslå at vedtak av ekstrapotten må fattast av dekanaten som kollegialt organ. Dersom vi ikkje skulle få gjennomslag for at endeleg vedtak av valemneporteføljen vert lagt til PMR, ynskjer vi at dette også skal gjelde for dette vedtaket.

- Frist for endelig vedtak om porteføljen H2019-H2013 er 15. november 2018.
- Perioden 15. november til 15. desember: Fakultetsadministrasjonen registrerer nedleggelse i FS og på emnesider.
- Alle endringer i emner fom høsten 2019 skal være registrert i FS og publisert på emnesider/semestersider innen 1. mai 2019. Alle nye emner skal være registrert i FS og opprettet på web innen 1. mai 2019.

Kommentar:

For at studentane skal kunne planleggje best mogeleg, er det viktig at ein frå fakultetet si side er tidleg ute og informerer om at prosessen med oppretting og nedlegging av valemner er i gong. Dette bør opplysast allereie ved semesterstart V18, og minnast om i løpet av vårsemesteret og ved starten av haustsemesteret. Ved tilstrekkeleg informasjon om at emner vil kunne kome til å bli nedlagt, vil ein ivareta omsynet til føreseielegheit for studentane.

For å ikkje støte faglærarar for dei enkelte emna, trekk eg forslaget om at ein opplyser på semestersida for kvart enkelt fag at emnet vil kunne kome til å bli nedlagt dersom det ikkje er oppført på kortelista. I staden foreslår eg at ein informerer på semestersidene til alle valemner om at prosessen med oppretting og nedlegging av valemner er i gang. Der bør det bli gitt beskjed om at valemner som går om hausten som vert vedteke nedlagt vil ha undervisningstilbod siste gong inneværande år, og at emner som går om våren som vert vedteke nedlagt vil ha undervisningstilbod siste gong påfylgjande vår. Det bør også opplysast om at ein likevel vil kunne ta eksamen i emnet, men då utan undervisningstilbod, eitt år seinare.